

REFERAT FRÅ MØTE:

**SAMLING I NASJONALT MUSEUMSNETTVERK FOR
KULTURLANDSKAP**

Bergen 14. og 15. april 2005



Tilstades:

1. Kjetil Monstad	Havråtunet
2. Marit Adelsten Jensen	Havråtunet (berre torsdag)
3. Mette Eggen	Riksantikvaren
4. Finn Hansen	Follo Museum
5. Kåre Hosar	Maihaugen
6. Reidar Svegarden	Maihaugen
7. Helena Maliniemi	Vadsø Museum
8. Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, UiO
9. Knut G. Austad	Jærmuseet
10. Vibekke Vange	Tromsø museum
11. Kristine Ekelund	Lynghesenteret/Institutt for biologi
12. Gunnar Kjerland	Hardanger folkemuseum
13. Jo Scott Anstensrud	Norsk folkemuseum
14. Helge Hovland	Norsk folkemuseum
15. Rune Hårstadsveen	Toten Økomuseum
16. Kjell Krogstad	Otternes Bygdetun
17. Haakon Livland	Vestfold Fylkesmuseum
18. Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane
19. Eli Heiberg	Høgskulen i Sogn og Fjordane
20. Marie Pettersson	De Heibergske Samlinger
21. Elisabeth Dahle	De Heibergske Samlinger
22. Liv Byrkjeland	De Heibergske Samlinger
23. Astrid Matland	Damsgård Hovedgård (berre fredag)
24. Margunn Eik	Baroniet Rosendal (berre fredag)

På den 3. samlinga i det nasjonale kulturlandskapsnettverket var det fokus på oppleveling, fagleg påfyll og sosialt samvære. Deltakrane som var med på samlinga fekk med seg nokre minneverdige vårdagar i Bergen.

Torsdag 14. april 2005.

Havråtunet

Havråtunet viste seg frå si beste side. Vårsola varma i bakkane, og vi brukte heile dagen på å vandre rundt i tunet og i kulturlandskapet og ta inn den rolige stemninga frå fortida. Kjetil Monstad viste oss korleis Stiftinga Havråtunet er blitt blant dei fremste i Norden med å ta vare på handlingsbåren kunnskap.

Havråtunet er eit praktdøme på kor viktig det er å sjå bevaring av kultur og natur i samanheng.

Vi fekk eit innblikk i historia til Havråtunet, litt om byggestil og tunstruktur. Det vart mest vekt på gamle driftsteknikkar og omvising i kulturlandskapet der det framleis er gammal teigdeling. Vi fekk vite korleis museumsarbeidarane driv garden. Vi var innom både høyløa, kyra- og sauefjøsen der vi fekk nærblokk med Bleikros og villsauene med dei nydelegaste lam.

Etter matøkta vandra vi oppover innmarka til utmarksgjerdet. Kjetil fortalte om drifta av garden underveis. Sjå elles bilda frå Havråtunet (vedlegg).

Kveldsamling på hotellet – ”nytt i nettverket”

Nytt frå nettverksansvarleg v/Liv Byrkjeland

Kort gjennomgang av det viktigaste som har skjedd i nettverket sidan sist samling. 18 museum har no meldt seg formelt inn i nettverket:

- 1.Naturhistorisk museum, UiO
- 2.Vadsø museum – Ruija kvenmuseum
- 3.Norsk folkemuseum
- 4.Norsk landbruksmuseum
- 5.Museet i Nord- Gudbrandsdalen
- 6.Maihaugen
- 7.Ryfylkemuseet
- 8.Hardanger folkemuseum
- 9.Riksantikvaren
- 10.Jærmuseet
- 11.Lofotr, Vikingmuseet på Borg
- 12.Havråtunet
- 13.Toten Økomuseum
- 14.Stiftinga Ytste Skotet
- 15.Follo museum
- 16.Nordøsterdalsmuseet
- 17.Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 18.De Heibergske Samlinger/SF

I tillegg har 11 andre museum/institusjoner delteke på samlingene. Ytterligere 9 har meldt si interesse for deltaking i kulturlandskapsnettverket. Til saman 38 museum/institusjoner frå heile landet er aktuelle deltakarar i kulturlandskapsnettverket.

Planar for 2006:

Kulturlandskapsnettverket vil jobbe for reiseutjamning (jf Handlingsplanen). Enklaste måten å fordele reiseutgifter er å legge samlingar til ulike landsdelar. Kvar bør samlingane vere i 2006, og kven ynskjer å ta imot arrangementet/vere med å arrangere ? Er det nok med ei fellessamling ?

Arrangørane av samlingane bør vere med i arbeidsgruppa til Kulturlandskap-nettverket.

Kulturlandskapsnettverket vel stad for samlingane i 2006 på Vadsø-møtet. Dei som ynskjer å ha arrangementet gir melding til arbeidsgruppa før Vadsø-møtet.

Kartleggingsprosjekt v/Marie Pettersson.

Kort presentasjon av ABMU-prosjektet ”Informasjonsbase for Nasjonalt Nettverk for Kulturlandskap” som er eit 6 månader langt prosjekt under Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap. Spørjeskjema er sendt ut til ca. 110 museum i desse dagar. Sluttpunktet vil vera ei nettside og eventuelt eit oppslagshefte. Prosjektet vil i hovudsak kartlegga:

- Kulturlandskap på museum i Noreg
- Museum som har og/eller jobbar med kulturlandskap
- Kompetanse museum har innafor temaet.
- Korleis museum formidlar kulturlandskap

Follo museum v/ Finn Hansen

Follo museum har fleire typar hage på museumsområda, bl.a. kunstnarheim, 1900-tals hage, husmannsplass med liten rokokkhage. Har elles kulturlandskap som omfattar mellom anna edellauvskog og myrområde med spor etter torvuttak. Museet manglar ekspertise, og nyttar leid hjelp.

Naturhistorisk museum v/ Kristina Bjureke

- Det er ønskeleg med meir nytt om kulturlandskapsnettverket i Museumsnytt.
- Naturhistorisk museum var med på eit større prosjekt om kulturlandskap på Hovedøya som ikkje fekk pengar frå ABMU i denne omgang, men fekk pengar

frå Miljødepartementet til ein nettportal.

- Kristina Bjureke er prosjektleiar for registrering av kulturlandskap i Aust- og Vestagder. 5 nye fylker skal registrerast i år.
- Genressursutvalet bør inviterast til eit nettverksmøte.
- Naturhistorisk museum har kompetanse på insekt i kulturlandskapet, eit fagområde det er sett lite fokus på.

Havråtunet v/Kjetil Monstad

- Havråtunet har no skilt lag med Osterøy museum.
- Havråtunet skal delta i eit nordisk samarbeidsprosjekt. Deltek på første planleggingsmøte i mai (Udvikling af samarbejdet om bevaring af de nordiske kulturlandskaber 11. - 12. mai i Ultuna.).
- Stiftelsen har satsa på å ta vare på tradisjonane og mindre på formidling. Det vil bli satsa meir på formidling i framtida, bl.a. auka opningstider.

Norsk folkemuseum v /Jo Arnestensrud

- Landskapsplan for heile Bygdøy er under arbeid . Planen skal gi føringar for skjøtselsarbeidet.
- Har starta ryddinga mellom Kongsgården og Folkemuseet. Hogging av skog og beiting med sau.

Maihaugen v/ Kåre Hosar

- Konstruerar bilde av kulturlandskapet slik det var rundt 1930. Bureisingsbruk. Brukar teknologi som høyrer til den tida, bl.a. fullgjødsel.
- Rekonstruksjonen av Sigrid Unset sin heim, Bjerkebekk - eit omfattande og interessant prosjekt. Kartlegging av hagen gjennom dokumentasjon frå m.a. gamle kvitteringar. Har laga

”plantebarnehage” for å dyrke fram att plantene.

- Har ”rekonstruert” gamal griserase som vert selt til mange museum. Stor interesse for griserasen.
- Planlegg møte for museumsbønder på Maihaugen i oktober.

Toten økomuseum v/ Rune Hårstadsveen

- Har rydda i landskapet – treng sauebeiting
- Har mange skuleprosjekt på friluftsmuseet, bl.a. gamaldags skogsdrift med hest, så korn og poteter m.m.
- Det meste av åkerarealet er forpakta bort. 2-3 åkerlappar vert drivne historisk.
- Har stor engelsk landskapspark som skal jobbast med framover.
- Driv og med formidling ute i landskapet, lokalhistoriske vandringar med formidling om kulturlandskap og kulturminne.
- Formidling gjennom dokumentasjonssenteret, skilnad på før og no gjennom gamle foto og kart.

Vestfold fylkesmuseum v/Håkon Livland

- Driv formidling i samarbeid med naturhistorisk museum på Gomserød gård. Det er no pause i formidlinga for å setje bygningen i stand. Bygningen skal vere i orden i løpet av 2006. Det vert lagt planar for korleis kystgarden Gomserød skal stellast og formidlast om i framtida. Treng gode råd til dette. Garden har stort potensiale på grunn av dei mange turistane i Larvik.
- Slottsfjellet er eit kulturlandskap som ikkje har vore rydda på 70 år. Har fått fram att den gamle alleen.
- Det finst planar frå den tida friluftsmuseet vart etablert i 1939. Vil finne fram att desse.

- Bynære museum er sterkt pressa. Grøntareala i byane er redusert. Viktig å verne om grøntareala.

Jærmuseet v/ Knut Austad

- Jærmuseet driv heilårs gardsdrift. Brukar all innmark. Kystlyngheia i utmarka i ferd med å forsvinne – berre 5% utmark igjen på Jæren.
- Restaureringsforsøket i lag med
- Planteforsk i gang (beite – brenning – inngjerding). Søkjer meir midlar til prosjektet.
- Nygarden er ny eining under Jærmuseet etter konsolideringsprosessen.

Otternes bygdetun v/Kjell Krogstad

- Otternes er fire gardar i klyngje, ikkje ulikt Havråtunet. Driftsbygningar vart flytta ut frå tunet. Kommunen kjøpte bruken i 1970-80 talet. Har ikkje ”kontroll” over innmarka der det skjer voldsam attgroing.
- Det er laga ein skjøtselplan for bruker som vi vil prøve å gjennomføre, men vi manglar pengar.
- Driv skuleformidling. Har 8. klasse siste veka i skuleåret. Slår med ljå, åkerarbeid, hesjing m.m.

Vadsø museum – Ruija kvenmuseum v/Helena Maliniemi

- Er med på det tverrfaglege dokumentasjons- og formidlingsprosjektet i lag med Tromsø museum, Varanger samiske museum og Vardø museum (sjå under Tromsø museum)
- Eig to kvengardar frå 1800-talet som levde av fiske og jordbruk. Gardane som er under restaurering er eineståande i sitt slag pga brenninga under krigen. Det er få restar att. Søkjer midlar til restaureringa.

Hardanger Folkemuseum v/Gunnar Kjerland

- Har rundt 50 tilflytta bygningar og frukthage. Har ikkje kompetanse på frukt på museet, og prøver å få fruktboender til å stelle hagane. Treng fagfolk.
- Har ikkje kapasitet til å stelle dyr, og innmarka vert klipt med Honda plenklippar.... Det er eit mål å endre på dette.
- Har fokus på folkemusikk.
- Streif 2005 vert opna i Hardanger neste veke.

De Heibergske Samlinger/SF v/ Elisabeth Dahle

- DHS/SF flytter i år prestegarden frå det gamle museumsområdet, noko som medfører mykje anleggsarbeid på friluftsmuseet. Det har og vore gravd grøft over heile området som må såast til på nytt. Brukar ulike metodar, frø frå eige løe og kjøpefrø.
- Det vil bli ei stor utfordring å anlegge ein prestegårdshage i eit fattig myrområde med dårlig klima.

Tromsø museum v/Vibekke Vange

- Prosjektleiar for prosjektet ”3 stammers møte på Varanger – eit dokumentasjons og formidlingsprosjekt”
- Har fått pengar til eit forprosjekt. Samisk – kvensk – norsk. Busetjing og spor i landskapet. Tverrfagleg, botanisk og kulturhistorisk kartlegging. Utprøving av metodikk.

Det vart for lite tid att på kvelden til å vise heile Havråfilmen frå 1954 om gardsdrifta på Havrå. Ein halvtimes smakebit frå filmen vart vist.

Deltakarane fekk høve til å kjøpe med seg filmen og ei praktbok om Havråtunet.

Fredag 15. april

FAGLEGE FØREDRAG

Biomangfaldlova (NOU:2004:28) – nye utfordringar for musea ?

Amanuensis Eli Heiberg, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Mange museum har fått framlegget til den nye biomangfaldlova (NOU 2004:28) til høyring.

Eli Heiberg gjekk gjennom hovudlinene i dokumentet. Ho la vekt på kva dette kan bety for kulturlandskaps- og kulturminneforvaltninga. Føredraget er lagt ved som vedlegg.

Biomangfaldlova skal, når og visst den blir vedteken om nokre år, erstatte den eksisterande naturvernlova. Det blir også endringar i 5 andre lover, bl.a. kulturminnelova.

Viktige endringar er bl.a.:

- Heimel til vern av domenistiserte artar, innførte artar og genetisk mangfold.
- Lettare å verne av natur med kulturhistorisk verdi.
- Heimel til å regulere skjøtsel
- Heimel for å avgrense ferdsel av omsyn til kulturminne i verna naturområde.
- Heimel til å ta omsyn til utvalde naturtypar.
- Betra samarbeidet mellom naturvern og kulturvern. Begge fagområda skal belysast.
- Kulturverdiar kan brukast i begrunnelsen for naturvern, og biologiske verdiar i begrunnelsen for kulturminnevvern.
- Utvida erstatningsreglar.

I ei utgreiing om kva naturtypar som bør prioriterast står kystlynghei og seminaturlege grasmarker på topp.

Musea kan få viktigare rolle i bevaring av biologiske kulturminne. Det er stort behov for tverrfagleg kompetanse kultur – natur.

Sjå elles vedlegget.

Kulturlandskap på museum - bruk av lauv og lauvtrefør i Noreg

Presentasjon av prosjektet v/Leif hauge

(Denne presentasjonen høyrer inn under ”nytt i nettverket”, men måtte utsetjast på grunn av tidsmangel kvelden før.)

Dette er eit utviklingsprosjekt for kulturlandskapsnettverket i regi av Høgskulen i Sogn og fjordane. Prosjektet er støtta av ABMU. Ingvild Austad og Leif Hauge er prosjektansvarlege.

Prosjektet er forankra i kulturlandskapsnettverket sin handlingsplan.

Dette er tenkt å bli eit fleirårig utviklingsprosjekt, delt inn i desse tre tema/fasane:

- 1) Forprosjekt med planlegging
- 2) Dokumentasjon av driftsteknikkar og utval av representative referanseområde (kulturmarker) med framlegg til tiltak og utarbeiding av skjøtsels- og forvaltningsplanar.
- 3) Formidling (bokverk, utstillingar, videoproduksjonar).

Forprosjektet har fått ABMU-midlar. Brev med invitasjon og fagleg program er planlagt utsendt i slutten av april. Det vil bli brukt informasjon frå kartleggingsprosjektet (sjå side 3) til å finne aktuelle samarbeidsmuseum. Interesserte museum

kan ta kontakt med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

De er planlagt ein Work-shop for aktuelle museum i Sogndal 14.-15. juni 2005, men det er mogeleg dette må utsetjast til hausten.

Museumshagane – ein del av den grønekulturarven ?

*Landskapsarkitekt Mette Eggen,
Riksantikvaren.*

- Historiske hagar er eit område som er aktuelt for mange museum, og kanskje vil dei bli viktigare i framtida.
- ICOMOS (International Council on Monuments and Sites) har laga eige charter for historiske hagar. Der ligg mange føringa for at musea kan fokusere på historiske hagar (<http://norway.icomos.org/>)
- Hagar er kulturminne i seg sjølv med eigen historie.
- Lysbildeframvising frå middelalderhagen, Baroniet Rosendal – vår eldste og best bevarte hageanlegg med tilhøyrande kulturlandskap, Linderud i Oslo med flott lindeallé, Bjerkebekk på Lillehammer – eit spennande og vellukka prosjekt, Damsgård i Bergen med sine

eutentiske planter, 1970-tals hage frå Vesterålen.

- Hagen var i utgangspunktet innramma med gjerde.
- Saknar meir fokus på rekonstruksjon av klosterhagar.
- Det finst eindel trykt informasjon om historiske hagar i Riksantikvaren sine infoblad og Fortidsminneforningen sitt siste nummer av serie ”Gode råd”. Genressursutvalet har også utgitt informasjon om historiske hagar.

DAMSGÅRD

Etter lunsj tok museumsgartnar Astrid Matland oss med til Damsgård der vi fekk ein gjennomgang av historia til det flotte anlegget. Vi fekk helse på bebruarane, (inkludert ender, katt, hund og karper), og fekk omvising i ein vårleg nyttehage (Østhagen - herrens hage) og prydhage (Vesthagen - fruens hage). Vi fekk informasjon om vekstar og om drifta av hagen, og fekk utdelt planteliste og eit hefte.

Vi fekk også omvising i bygningen, både i første og andre etasje.

Sjå elles foto frå hagen og huset.

25.04.05, LB